



Arkivnr: 2016/11221-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

I samband med sak PS 128/16 i møte i kontrollutvalet 17.11.16 vart dette protokollert:

«Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av det som kom fram vart det gjort nokre presiseringar i prosjektplanen.

Etter dette vart slikt vedtak samråystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 30.11.2016.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting faktureert etter timeforbruk, inntil 8 timer.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.06.17, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd..»

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si planlegging og styring av investeringsprosjekt med særlig fokus på rutinar for god kostnadsstyring.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Hordaland fylkeskommune føremålstenlege rutinar for prioritering og planlegging av investeringar?
 - a. Er det etablert føremålstenleg organisering og samhandling knytt til planlegging og gjennomføring av investeringar i fylkeskommunen (mellan avdelingar og mellom administrasjonen og politisk nivå)?
 - b. Er det etablert føremålstenleg investeringsplanar med tydelege prioriteringar?
 - i. I kva grad er det etablert føremålstenlege rutinar for utarbeidning og rullering av langtidsplan og for innlemming av planlagde investeringar i årsbudsjett?
 - ii. I kva grad er det etablert rutinar for å gjennomføre behovsvurderingar knytt til planlagde investeringar?
 - iii. I kva grad er det utarbeidd rutinar for utarbeidning av kalkylar for investeringane?
 - iv. I kva grad er det utarbeidd rutinar som sikrar at det blir tatt omsyn til dei økonomiske driftsmessige konsekvensane ved investeringane?
 - v. I kva grad er det utarbeidd rutinar for å gjennomføre risikovurdering av investeringsplan og av vedtekne investeringar? I kva grad omfattar slike risikovurderingar ei vurdering av om det er realistisk å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammene som er sett med omsyn til gjennomføringsperiode og estimert kostnad.
 - c. I kva grad er det samsvar mellom kostnadsestimat i investeringsplan og faktiske kostnader i prosjektrekneskapen i dei avslutta investeringsprosjekta?
- 2) I kva grad har Hordaland fylkeskommune føremålstenlege rutinar for økonomisk rapportering av vedtekne investeringsprosjekt?
 - a. Er det etablert rutinar for tidsriktig rapportering om kostnadsutvikling i investeringsprosjekt både administrativt og til politisk nivå?
 - b. I kva grad er det rutinar for å følgje opp rapportert kostnadsutvikling i pågående prosjekt ved rullering av investeringsplan og planlegging av neste års budsjett?
 - c. I kva grad er det etablert rutinar for vurdering, og ev. implementering, av kostnadsreduserande tiltak ved kostnadsauke i investeringsprosjekt slik som til dømes justering eller terminering av prosjekta?
 - d. I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar for å sikre momsrefusjon?
- 3) I kva grad har det vore tilfredsstillande kontroll med kostnadsutviklinga i utvalte prosjekt som er gjennomført i fylkeskommunen? (jf. problemstillingane over).

Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:

«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å kartlegge og vurdere organisering, system og rutinar for investeringsarbeid, samt faktisk utføring av investering i to-tre investeringsprosjekt. Særleg eigedomsavdelinga og samferdsleavdelinga er relevante avdelingar å velje døme frå.

Hovedfokus i forvaltningsrevisjonen vil, i tråd med bestilling frå kontrollutvalet, vere på den overordna investeringsplanlegginga og samhandlinga knytt til denne. Når vi nyttar konkrete prosjekt som døme vil hovedfokus vere på økonomistyringa i prosjekta. Dette vil omfatte vurderingar både av realismen i avgjerdsgrunnlag/kalkyler, korleis endringar er handsama, samt korleis politisk nivå har vore informert.»

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.